

# HENJADALEN - HENJAELVI



**Henjadalen** var viktig for gardsbruka på Henjum og Røysum. Henjaelvi er det største og viktigaste vassdraget i Leikanger, grunnlaget for eit mangfald av aktivitetar. Elva leverer drikkevatn og vatn til jordbruket og næringslivet, mellom anna til Eros Laks sitt settefiskanlegg i Riverdalen.  
 Frå slutten av 1800-talet vart elva ein avgjerande føresetnad for eit mangfald av industriverksemder. Langs elva kom møllebruk, sagbruk, trelasthandel, tonnefabrikk, slakteri og pølsefabrikk. Vidare kom dampfargeri, ullspinneri, syltetøyfabrikk, sildehermetikkfabrikk, kommunalt kraftverk og meir lys i husa til folk langs elva. Frå 1913 har det vore kraftproduksjon i Henjaelvi. Henjadalen og stølsområda, med Flya som det største, var viktige for matproduksjon og økonomien til bøndene. Dalen og fjellområda rundt, med godt merka stiar, er populære område for friluftsliv og rekreasjon. På ein kort strekning frå fjorden til «Lakshøl», kan ein fanga laks og sjøaure. Lengre oppe vaker bekkeauren i dei mange småkulpane. Med fiskekart er Henjaelvi open for fiske. I vatna over Henjaelvi er det fin fjellaure. Myrdalsvatnet og Trastadalsvatnet er gode fiskevatn. Fisket i vatna er regulert med fiskekort. Store Trastadalsvatn er oppdemt og sikrar trygg vassforsyning til bygda året rundt. Henjaelvi er bygd ut som ein del av Leikanger Kraftverk med oppstart i 2020. Saman med vatn frå Grindselva vert det produsert 208 Gwh i ein kraftstasjon i Suppham ved Sognefjorden.



**HENJA VALLEY - HENJA RIVER**  
 The Henja valley was of great value for the farms at Henjum and Røysa. The Henja river is the largest and most important water resource in Leikanger, indeed the basis for a multitude of enterprises. The river supplies drinking and irrigation water, and also water for industrial use, such as the fish hatchery Eros Salmon in Riverdalen. From the end of the 19th century, the river became a decisive factor for the establishment of many businesses. Along the river one could find grain mills, sawmills, timber trade, a coopershop, an abattoir, and a sausage maker's. Furthermore, there were a steam dye-work, a wool spinning mill, a jam factory, a brisling cannery, and the municipal hydro-power station, supplying electric power for the dwellings along the riverbank since 1913. The Henja valley, with its summer shielings – not least the largest area, Flya – were of great importance for food production and farm economy. The valley itself and its adjoining mountain areas, with well-marked paths – are popular amongst the locals for leisure time activities and recreation. Salmon and sea trout may be caught a very short stretch up the river to a place called Lakshøl (Salmon Pool). Higher up, there are brooks trouts in the many small eddies. A licence will permit you to go fishing. The lakes in the Henja river basin have fine mountain trout, including the Myrdal lakes, and the Trasta valley lakes. Again, the access is limited to those having purchased a fishing licence. The Bigger Trasta valley lake is dammed and serves as the present year-round local water supply. The Henja river is a part of the Leikanger Hydropower Plant Development. The Plant operating from 2020, utilizes water from the rivers Grindselvi and Henjaelvi to produce an estimated 208 Gwh per year at the station in Suppham, by the Sognefjord.

Systrend sogelag Leikanger

